

Arkivnr: 2019/56-7
Saksbehandlar: Sturla Binder

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til Riksarkivarens forslag til nye bevarings- og kassasjonsbestemmelser for pasient- og journalopplysningar i kommunale og fylkeskommunale helse- og omsorgstenester i § 7-29 i Riksarkivaren sin forskrift.**Samandrag**

Saka gjeld Riksarkivaren sitt forslag til endring i forskrift 19. desember 2017 nr. 2286 om «utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver». Høyringa gjeld forslag til nye bevarings- og kassasjonsbestemmelser for pasient- og journalopplysningar i kommunale og fylkeskommunale helse- og omsorgstenester i § 7-29.

Høyringsfrist var i utgangspunktet sett til 1. mars 2019, men Hordaland fylkeskommune ved fylkesarkivet har søkt og fekk utsett fristen til 1. april. Bakgrunnen for utsetting var saka si kompleksitet og omfang.

Fylkesarkivet i Hordaland er depotinstitusjon for arkivmateriale frå Hordaland fylkeskommune og privatarkiv. Arkiv med pasient- og journalopplysningar utgjer ein liten del av den totale arkivbestand. Fylkesrådmannen sin vurdering er i all hovudsak gjort med utgangspunkt i dette materialet.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at ein bør bevare alt som er skapt av pasient- og journalopplysningar frå dei kommunale og fylkeskommunale helse- og omsorgstenestene frå 1950 og fram til i dag. Ei slik løysing er presentert og omtalt som nullkonsept-løysinga i høyringsdokumenta. Vi meiner dette er den beste løysinga med omsyn til bruk av ressursar og arkiva sin verdi for pasientomsorg og forskning i notid og framtid. Fylkesrådmannen sin uttale er gjort i samråd med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Riksarkivaren sin forskrift § 4-13, Helse og omsorg, pålegg kommunar og fylkeskommunar no å bevare alle pasient- og journalopplysningar («behandlingsrettede helseregistre») til evig tid. Dette vedtaket vart innført som eit midlertidig tiltak for å sikre at verdifull dokumentasjon ikkje går tapt medan nye og meir målretta bevaringsvedtak vart utarbeidd.

Økonomi: Nullkonsept-løysinga har ingen økonomiske konsekvensar. Arbeidsrutinar og innhald i arbeidet er som i dag.

Klima: Innhaldet i saka har ikkje konsekvensar for klima.

Folkehelse: Tryggleik for at arkivinstitusjonar tek vare på arkiv og dokumenterer innbyggjarane sine rettar, kan ha verdi for folkehelse

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Forslag til innstilling/vedtak

Fylkesrådmannen tilrår nullkonseptet, som inneber at ein tek vare på alt som er skapt av pasient- og journalopplysingar. Alternative løysingar vert vurdert som arbeidskrevjande og kostbare. Omsynet til forskning er også godt ivaretatt gjennom nullkonseptet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
direktør, kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Høringsbrev
- 2 Høringsnotat
- 3 Bevaringsvurdering
- 4 Kartleggingsrapport
- 5 Samfunnsøkonomisk analyse

Fylkesrådmannen, 29.03.2019

I høringsnotatet ønskjer Riksarkivaren innspel på sju hovudutfordringar. Desse vert handsama kvar for seg i fylkesrådmannen si tilbakemelding. Fylkesrådmannen vurderer det første punktet som det mest omfattande. Riksarkivaren ønskjer tilbakemelding på følgjande:

1. «Riksarkivaren anbefaler funksjonskonseptet (K5), med forskningskonseptet (K7) som alternativ. For beskrivelse av konseptene, se høringsnotatet s. 4 og grunnlagsrapportene. Høringsinstansene bes om å vurdere hvilket alternativ man mener er mest hensiktsmessig, og gi en begrunnelse».

Riksarkivaren presenterer 8 ulike konsept: «nullkonseptet, kassasjonskonseptet, utsatt kassasjonskonseptet, geografikonseptet, personkonseptet, funksjonskonseptet, tjenestekonseptet og forskningskonseptet». Hovudmotivasjonen for Riksarkivaren sitt forslag er mellom anna fordelar knytt til forskingsverdi, personvern, framtidig arkivdanning og innsyn.

Tilrådinga er funksjonskonseptet, alternativ forskingskonseptet. Funksjonskonseptet inneber ein funksjonsbasert tilnærming til bevaring. Det betyr at ein tar utgangspunkt i bevaringsverdige funksjonar og oppgåver hjå dei einstilte tenestene. Forskningskonseptet inneber at ein ventar med kassasjon for tenester med minst bevaringsverdi. I perioden frem til materialet kasserast, vil ein då kunne innhente kunnskap om det faktisk blir forska på materialet.

Riksarkivaren presenterer ei grundig grunngjeving for sin tilråding. For vurdering av den framtidige verdi til journalane har arkiverket rådført seg med forskingsmiljø, enkeltforskarar og arkivinstitusjonar. Fylkesrådmannen ser det som positivt at forskingsmiljø er involvert. T.d. kan utviklinga innan genetikkk sikkert gjere nytte av samstilling med gamle kliniske data. Det kan avdekke komplekse samanhengar vi ikkje kjenner til i dag. Informasjon om genetikkk kan ha implikasjonar for slektingar og etterkommarar, slik at lagring av klinisk informasjon kan ha verdi utover døden. Vidare kan sekundær bruk av helsedata innan folkehelse og biomedisinsk forskning ha potensielt stor verdi. Langtidsbevaring av klinisk informasjon kan derfor vere sosialt nyttig både for pasienten som individ og befolkninga som heilskap. Bevaringspolitikk bør i det store og heile fokusere på fordelar for pasientomsorga både når det gjeld den enkelte pasient og forskning.

Fylkesrådmannen i Hordaland finn på si side gode argument for nullkonseptet med utgangspunkt i fylkesarkivet sitt materiale. Arkiva inneheld pasient- og journalopplysingar i form av fysiske arkiv frå tannhelse, rusvern psykisk helsevern, nokre få legetenester og pleie- og omsorgstenester innan HVPU. I Hordaland fylkeskommune har papirarkiv ofte vore avlevert direkte til arkivdepot når materialet har gått ut av dagleg/administrativ bruk, samt ved omorganiseringar, flytteprosessar m.m. Mykje er soleis ikkje strukturert med tanke på enkelt utplukk av kassabelt materiale. Sjølv om ikkje all informasjon trengs takast vare på, kan det vere enklare å ta vare på alt framfor ein tungvint prosess med utplukk. For fylkesarkivet i Hordaland vil forslaget konkret innebære at ein set i gang større prosessar med økonomiske ressursar knytt til for å gå igjennom allereie deponert materiale. Dette vil ut frå samfunnsøkonomiske omsyn ikkje stå i forhold til vinsten.

Aktuelt elektronisk materiale knytt til tidlegare fylkeskommunal helseverksemd, er ikkje avlevert depot, men følgde med over til staten etter helsereforma i 2001.

Som punkt 2 stiller Riksarkivaren følgjande spørsmål:

2. «Er det anbefalte funksjonskonseptet relevant og godt nok beskrevet i forhold til administrative og økonomiske konsekvenser? Er anslagene på bevaringsprosent fra de ulike tjenestene realistiske?»

I «Bevaringsvurdering» s. 46 blir det lista opp dokument som kan slettast: «Underlagsmateriale, opplysninger som ble til for å underlette pasientbesøket – innkallinger, praktisk om parkering etc. - dvs.

dokumenter som er erstattet av andre dokumenter, eller andre dokumenter med meget begrenset bevaringsverdi».

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dette materialet utgjør nokre vesentlege mengder i våre arkiv. Det er ikkje utan vidare enkelt å plukke ut enkeltdokument som kan kasserast slik det blir hevda i «Bevaringsvurdering» s. 48 og s. 55. Nullkonseptet vil passe best med materialet som fylkesarkivet har.

I punkt 3 spør Riksarkivaren om følgjande:

3. «Er avgrensningene av funksjoner tilstrekkelig klare i forslag til ny forskriftstekst, slik at reglene vil være anvendbare i praksis?»

Fylkesrådmannen vurderer funksjonane som klare, men det må setjast krav til arkivfagleg kompetanse ved bevaringsvurdering, og det bør vere ope for «meirbevaring» i tvilstilfelle.

I punkt 4 spør Riksarkivaren om:

4. «Vil forslaget bidra til bevaring av et arkivmateriale som er egnet til å imøtekomme forskningens behov?»

Fylkesrådmannen vurderer at forslaget er godt eigna til å imøtekomme behovet til forskinga, men eit nullkonsept vil i endå større grad ivareta dette omsynet. Ein veit ikkje kva ressurs og kjeldeverdi ulik type informasjon som genererast i pasientomsorga utgjør i framtida.

Riksarkivaren stillar følgjande spørsmål i punkt 5:

5. «Er relevante tjenester eller dokumentasjonstyper utelatt i kartleggingen?»

Fylkesrådmannenn vil peike på at det er viktig å ha fokus på bevaring av dokumentasjon skapt i privat sektor.

I punkt 6 er spørsmålet:

6. «I forbindelse med behandling av innsynsforespørsler og tilgjengeliggjøring av arkivopplysninger påløper det kostnader. Det har vært en utfordring for prosjektet å skaffe informasjonsgrunnlag for å konkretisere disse kostnadene. Høringsinstansene må gjerne komme med synspunkter på hvordan slike kostnader vil slå inn i forhold til det anbefalte bevaringskonseptet».

Fylkesrådmannen meiner at eit godt ordna arkiv vil tilfredstille omsynet til tilgang og tilgjengelegheit like bra anten ein går for nullkonseptet eller ulike formar for plukkutval.

Punkt 7 har følgjande problemstilling:

7. «Det antas at det må forutsettes høyere sikringstiltak for arkiv med sensitive pasient- og journalopplysninger enn for mer ordinære arkiv. Kostnadsvirkningene av dette er ikke vurdert av prosjektet. Høringsinstansene bes om å gi innspill til hvilke sikringstiltak som kan bli nødvendige, og hvordan dette kan slå ut kostnadmessig for kommunene og arkivdepotene».

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at vi vil få nokre større kostnader i samband med sikring av fysiske pasient- og journalopplysingar så lenge det ikkje blir krav om strengare rutinar enn det ein har i dag.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at ein bør bevare alt som er skapt av pasient- og journalopplysingar frå dei kommunale og fylkeskommunale helse og omsorgstenestene frå 1950 og fram til i dag. Nullkonseptløysinga i høyringsdokumenta er den beste løysinga med omsyn til bruk av ressursar og arkiva sin verdi for pasientomsorg og forskning i notid og framtid.